

Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland

Trendar og økonomisk utvikling 2004–2013

Tabellsamling 2009–2013

ANASTASIA
OLSEN

HEIDI
KNUTSEN

TORBJØRN
HAUKÅS



NILF gjev ut ei rekke publikasjonar

Kjem ut årleg:

- «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forsking og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettppublisering).

NILF gjev også ut:

- «Merverdiavgiftsnøkkel for landbruket»
- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjettetnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:

- «Totalkalkulen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

NOTAT 2015–3

Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland

*Trendar og økonomisk utvikling 2004–2013
Tabellsamling 2009–2013*

Anastasia Olsen

Heidi Knutsen

Torbjørn Haukås



Serie	Notat
Redaktør	Sjur Spildo Prestegard
Tittel	Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trendar og økonomisk utvikling 2004–2013.
	Tabellsamling 2009–2013
Forfattarar	Anastasia Olsen, Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås
Prosjekt	Publisering av distriktstall (D223)
Utgjevar	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF)
Utgjevarstad	Oslo
Utgjevingsår	2015
Tal sider	80
ISBN	978-82-7077-903-1
ISSN	0805-9691
Emneord	Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, jordbruk, utvikling, økonomi, resultat, distriktstall

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, føretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og føretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnevnden for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som omfattar om lag 888 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Dette notatet inneheld lokale data frå Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre fylka. I alt omfattar granskinga 91 bruk frå Rogaland og 50 bruk frå Agder-fylka. Bruka vert delt inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Agder og Rogaland.

Anastasia Olsen, Heidi Knutsen og Torbjørn Haukås har hatt ansvaret for ulike delar av notatet. Torbjørn Haukås har lese gjennom og komme med nyttige kommentarar. Siri Fauske har ferdigstilt dokumentet for publisering.

Oslo, februar 2015

Inger-Anne Ravlum

Innhold

	Side
1 INNLEIING.....	1
2 DRIFTSRESULTATET FOR JORDBRUKET I AGDER OG ROGALAND 2013	3
3 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET	7
3.1 Resultatmål i jordbruket.....	7
3.2 Totaløkonomien	11
3.3 Nettoinvesteringar, gjeld og gjeldsprosent.....	12
3.4 Inntektsverknad av jordbruksfrådraget.....	14
4 INVESTERINGAR I JORDBRUKET	17
4.1 Utvikling i ulike landsdelar	17
4.2 Kva har det vore investert i?	18
5 TABELLSAMLING 2009–2013.....	21

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overtaken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forsking og utgreiling, gje hjelpe til rådgjeving og undervisning og innspel til offentleg politikk og forvalting. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltarbruk noko redusert. I 2013 var det i alt med 888 bruk i driftsgranskingane, dessutan leverte 31 samdrifter data til undersøkinga. Tal frå samdrifter blir handsama separat og er ikkje med i driftsgranskingsmaterialet. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Uttrekte bruk skal ha ei standard omsetning større enn kr 150 000. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert om lag 10 prosent av deltarbruka skifta ut.

Det var 50 bruk frå Agder-fylka og 91 bruk frå Rogaland som var med i driftsgranskingane i 2013. Dei 141 brukna er fordelt på to regionar, *Jæren* med 58 bruk og *Agder og Rogaland andre bygder* med 83 bruk.

Kapittel to inneholder hovudtala for Agder og Rogaland som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2013. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. Kapittel fire tek føre seg investeringar i jordbruket. Kapittel fem er sjølv tabellsamlinga som inneholder tal frå driftsgranskingane for Agder og Rogaland for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for *Jæren og Agder og Rogaland andre bygder*, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionene. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjettetnemnda i jordbruket.

2 Driftsresultatet for jordbruket i Agder og Rogaland 2013

Hovudtendensar:

- *Nedgang i jordbruksinntektene, men stor investeringsvilje i 2013*

Jordbruksinntekta til jærbondene gjekk ned med 9 prosent frå 2012 til 2013, men Jæren er framleis den regionen i landet med høgast jordbruksinntekt. I 2013 vart jordbruksinntekta til bøndene på Jæren kr 292 700 per årsverk. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta ned med 2 prosent frå 2012 til 2013, til kr 273 000 per årsverk.

Jæren

Mjølkeproduksjon er den mest vanlege driftsforma i Agder og Rogaland. Etter stor auke i jordbruksinntekta i 2012, gjekk jordbruksinntekta for mjølkebruka på Jæren ned med 21 prosent frå 2012 til 2013, og vart om lag som i 2011 med kr 267 400 per årsverk. I gjennomsnitt hadde bruka i denne gruppa 34,3 årskyr, ein auke på 0,8 årskyr frå 2012. Omsett mjølk auka med 5 prosent til 237 600 liter. Ytinga var uendra frå året før, ca. 7 600 kg per årsku. Det vart omsett 8,1 tonn storfekjøt, ein auke på 17 prosent. Arbeidsinnsatsen var uendra med 1,8 årsverk à 1 845 timer.

Produksjonsinntektene auka med 10 prosent. Mjøkeprisen gjekk ned med 4 øre per liter for mjølkebruka på Jæren, og var i middel kr 4,97. Prisane på storfekjøt auka både for kukjøt og anna storfekjøt, til høvesvis kr 42,33 og kr 49,13 per kg. Dei variable kostnadene auka med 21 prosent og dei faste kostnadene med 24 prosent. Mange fekk redusert avlingane etter dårleg overvintring på gras. Mykje av kostnadsauken er kjøp av fôr og kostnader i grovfôrdyrkinga.

Nettoinvesteringane var svært store på desse bruka i 2013. Det vart investert mest i driftsbygningar, i middel var nettoinvesteringa i denne gruppa på kr 635 700. Stor utbyggingsaktivitet kan ha vore medverkande til det dårlege resultatet for desse bruka i 2013. Ein har tidlegare sett at bruk med store investeringar får redusert inntekta i åra kring investeringstidspunktet, men at dei etter nokre år har auka inntekta meir enn bruk som ikkje har investert. Store investeringar førte til auka avskrivingar. Saman med auka rentekostnader bidrog dette til nedgangen i jordbruksinntekta.

Bruka med mjølkeproduksjon kombinert med svinehald på Jæren fekk jordbruksinntekta si kraftig redusert frå 2012 til 2013. Reduserte produksjonsinntekter og auka kostnader gjorde at jordbruksinntekta gjekk ned med 32 prosent til kr 266 100 per årsverk.

Det var særleg i svinehaldet at inntektene vart reduserte, produksjon av svinekjøt gjekk ned samstundes som prisane på både svinekjøt og smågris gjekk litt ned. Mjøkeproduksjonen auka med 2 prosent medan oppnådd mjøkepris vart noko lågare for desse bruka enn for bruka med einsidig mjøkeproduksjon med kr 4,69 per liter.

Produksjon av storfekjøt auka monaleg, med 2 tonn, og kjøtprisen auka både på kukjøt og på anna storfekjøt.

Årskutalet var om lag som i 2012, med 32,5 årskyr i gjennomsnitt. Det vart omsett 221 100 liter mjølk og 6,8 tonn storfekjøt inkl. kukjøt. Det vart omsett 75 400 kg

slaktegris og selt 753 smågris. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 2 prosent og var i 2013 på 2,1 årsverk à 1 845 timer.

Også desse bruka hadde svært stor nettoinvestering i 2013. Det vart investert både i driftsbygningar og maskinar og reiskap. I middel var nettoinvesteringa i denne gruppa på kr 710 700.

Det er få bruk i denne gruppa, og endringar på enkeltbruk kan gje store utslag for gruppa.

Av dei samla inntektene til familien på bruka på Jæren, utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 49 prosent, noko som var 7 prosentpoeng mindre enn i 2012. Tilleggsnæringer utgjorde 3 prosent og lønsinntekt 34 prosent. Resten av inntekta er anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.

Nettoinvesteringa på bruka på Jæren har generelt vore høg. Som i 2012, var Jæren den regionen som hadde høgast nettoinvestering med kr 464 600 i 2013. I gjennomsnitt for landet var nettoinvesteringane kr 192 700 i 2013.

Samla gjeld auka med 24 prosent og var i middel på 4,8 millionar kroner per bruk. Rentekostnaden auka med kr 23 400 til kr 178 800.

Maksimalt jordbruksfrådrag var kr 166 400 i 2013. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå Jæren kr 316 400 per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde kr 33 100 per årsverk på Jæren. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskingane.

Agder og Rogaland andre bygder

For mjølkeprodusentane i dei andre bygdene i Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta ned med 2 prosent frå 2012 til 2013, til kr 253 200 per årsverk. Årskutalet auka med ein, til 21 årskyr. Ytinga per årsku auka med 4 prosent til 7 000 kg, medan omsett mjølk auka med 9 prosent til 133 800 liter. Mjølkeprisen gjekk ned med 10 øre per liter, til kr 4,72. Storfekjøtproduksjonen auka med 1 150 kg og prisen på kukjøt auka til kr 41,75 og på anna storfekjøt til kr 50,40. Arbeidsinnsatsen auka med 200 timer og var på 1,8 årsverk i 2013. Det er same nivå som i 2011. Både produksjonsinntektene og kostnadene auka med ni prosent. Auka arbeidsinnsats og auka rentekostnader førte til nedgang i jordbruksinntekta per årsverk.

Nettoinvesteringa var lågare enn for mjølkeproduksjonsbruka på Jæren med kr 169 600, men også dette er ei høg nettoinvestering om ein samanliknar med tidlegare år.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald i dei andre bygdene i Agder og Rogaland hadde 25,1 årskyr og produserte 7 500 kg mjølk per årsku i 2013. Det er ein nedgang på 0,7 årskyr frå 2012. Det vart omsett 174 100 liter mjølk. I tillegg hadde produsentane 121 vinterfôra sauere og dei produserte 2 400 kg lammekjøt.

Mjølkeprisen auka med 4 øre per liter for desse bruka, noko som var 3 øre høgare enn det dei einsidige mjølebruken oppnådde. Prisen på lammekjøt auka med så mykje som kr 7,50 per kg for desse bruka, og var i middel kr 54,23 per kg.

Arbeidsinnsatsen var om lag uendra, med 2,1 årsverk.

Produksjonsinntektene auka med 6 prosent og kostnadene med 11 prosent. Saman med auka rentekostnader, gav det ei jordbruksinntekt på kr 268 200 for desse bruka. Det er ein nedgang på 6 prosent frå 2012 til 2013.

Nettoinvesteringa var svært høg også for denne gruppa i 2013, med kr 660 500 i middel per bruk. Det vart investert mest i driftsbygningar, men òg i maskinar og reiskap. Det er få bruk også i denne gruppa, og endringar på enkeltbruk kan derfor gje store utslag.

Jordbruksinntekta for bruk med einsidig sauehald i Agder og Rogaland andre bygder vart kr 204 400 i 2013. Det er ein nedgang på 4 prosent frå 2012. Desse bruka hadde 210 vinterfôra sauher, med ein produksjon på 5,6 tonn sau- og lammekjøt. I gjennomsnitt oppnådde bruka med einsidig sauehald 1 krone meir per kg lammekjøt enn bruka som driv sauehald i kombinasjon med mjølkeproduksjon. Produksjonsinntektene auka med 14 prosent. Auka kostnader særleg til kraftfôr, og kostnader i samband med grovfôrdyrkinga og kostnader til leigd hjelp, førte til at jordbruksinntekta gjekk ned.

Driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 43 prosent av familiens samla inntekter, ein nedgang på 2 prosentpoeng frå 2012. Tilleggsnæringer utgjorde 8 prosent. Lønsinntekt utgjorde 29 prosent av familiens samla inntekter.

Nettoinvesteringane i dei andre bygdene i Rogaland og Agder var som i resten av landet høge i 2013, med kr 253 400. Samla gjeld auka til 2,9 millionar kroner, ein auke på 16 prosent. Rentekostnadene auka med kr 11 200 til kr 100 500.

Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruken frå dei andre bygdene i Rogaland og Agder kr 308 500 per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde kr 35 500 per årsverk.

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruken.

Agder og Rogaland


Alle dei presenterte resultata er middeltal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte her, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor spreiing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middelta for dei 141 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.

**Tabell 2.1 Samla oversikt over økonomien i jordbruket i Agder og Rogaland.
2012–2013**

	Tal bruk	Inn- marks- areal	Driftsoverskot per bruk		Jordbruksinntekt per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk		
			2012	2013	2012	2013	2012	2013	
Jæren	Rogal./Agder, alle	141	330	469 300	437 100	297 800	282 000	331 100	316 400
	Jæren, alle	58	328	596 800	506 800	321 900	292 700	352 700	325 700
	100-299 daa	25	228	485 000	499 100	299 700	337 100	331 200	372 991
	> 300 daa	29	455	671 300	493 600	331 800	242 600	364 327	276 000
Agder og Rogaland andre bygder	Mjølk	23	342	582 200	478 100	339 200	267 400	379 800	305 200
	Mjølk/gris	10	371	878 500	599 600	390 500	266 100	425 400	301 300
	Andre bygder, alle	83	331	388 400	388 425	278 700	273 000	313 700	308 400
	100-299 daa	32	192	283 400	217 500	257 000	196 000	296 800	235 600
	> 300 daa	45	469	481 000	477 800	283 900	290 100	318 200	324 800
	Mjølk	29	309	365 400	395 600	258 600	253 200	298 100	290 700
	Mjølk/sau	11	447	515 200	484 700	284 900	268 200	320 500	300 300
	Sau	13	318	221 500	201 100	213 700	204 400	256 100	248 200

Alle beløpene i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen.




Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1 845 timer i perioden 2004–2013

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruket for Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland frå 2004 til og med 2013. Materialet er hovudsakleg delt inn i to område; *Jæren* og *Andre bygder*. Andre bygder omfattar dei to Agder-fylka og Rogaland utanom Jæren², og vil i den vidare teksten berre verte omtala som *Andre bygder*. For området *Jæren* er det for 2013 tal frå 58 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa *Andre bygder* er det 83 bruk. Til samanlikning har vi tatt med tal som viser utviklinga for heile landet. I dette kapittelet er det nytta figurar for å syne utviklinga. Nokre av gruppene er små, og for desse gruppene kan utskifting av bruk og større investeringar på enkelte bruk gje store utslag på resultatet. Alle resultata i dette kapittelet er rekna om til 2013-kroner etter konsumprisindeksen.³

3.1 Resultatmål i jordbruket


Driftsoverskotet er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke vederlag til familiens eigen arbeidsinnsats, eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital. Figur 3.1 viser at Jæren har hatt høgast driftsoverskot i perioden mellom 2003 og til og med 2012. Trass i eit noko lågare driftsoverskot i Andre bygder samanlikna med Jæren, har driftsoverskotet til Andre bygder i stor grad halde tritt med utviklinga i landsgjennomsnittet (heile landet). Av dei to Agder fylka er det Aust-Agder som har hatt høgast driftsoverskot, medan Vest-Agder har hatt lågast driftsoverskot i perioden 2004 til 2013, sjå figur 3.2.



Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område. 2004–2013


² Jæren består av kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

³ Konsumprisindeksen i 2013 er 134,2, sjå ssb.no.




Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke. 2004–2013

Jordbruksinntekta er her definert som vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, og visar kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelpe) og forrenting av eigenkapitalen. Figur 3.3 viser gjennomsnittleg jordbruksinntekt for Jæren, Andre bygder og heile landet i perioden 2004 til 2013, medan figur 3.4 viser jordbruksinntekt for driftsformene mjølk og svin på Jæren, mjølk og storfe på Jæren, mjølk og storfe i Andre bygder, samt mjølk og sau i Andre bygder i same periode.



Figur 3.3 Jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, Jæren og Andre bygder samanlikna med gjennomsnitt for landet. 2004–2013


Jordbruksinntekta på Jæren har, med unntak av 2004, følgt same utviklinga som landsgjennomsnittet, men lege godt over. Andre bygder i større grad har følgt utviklinga for landsgjennomsnittet med tanke på nivå.




Figur 3.4 Jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, for ulike driftsformer. 2004–2013

Det er driftsforma mjølk og svin på Jæren som har høgst jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformene i perioden 2004 til og med 2012, medan driftsforma mjølk og storfe i Andre bygder har hatt lågast jordbruksinntekt i same periode, sjå figur 3.4. I 2013 vart jordbruksinntekt for driftsforma mjølk og svin og mjølk og storfe på Jæren og mjølk og sau i Andre bygder på same nivå. Det skuldast dårleg økonomi i svinehaldet og avlingstap på grovfôr etter store vinterskader. Avlingstapet førde til auka forkostnader.

Lönsevne per time er arbeidsforteneste til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar. Lönsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering. Siste 4 åra har kalkulasjonsrenta vore tre prosent.




Figur 3.5 Lønnsevne per time, gjennomsnitt for landet, Jæren og Andre bygder. 2004–2013




Figur 3.6 Lønnsevne per time, ulike produksjonar, Jæren og Andre bygder. 2004–2013

3.2 Totaløkonomien


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringer, løner, pensjoner, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.



Figur 3.7 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet. 2004–2013



Figur 3.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt, Jæren. 2004–2013




Figur 3.9 Prosentvis fordeling av samla inntekt, Andre bygder. 2004–2013

3.3 Nettoinvesteringar, gjeld og gjeldsprosent

Nettoinvesteringar er investeringar gjorde i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde eide delar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Svingingar i nettoinvesteringar må sjåast i lys av rentenivået, forventningar til framtidig rentenivå, samt gjeldsgraden og lønsemnda til gardsbruket. Sjølv om nettoinvesteringar ikkje inkluderer investeringstilskot, inngår slike tilskot i investeringsplanlegginga. Til ein viss grad vert derfor utviklinga i nettoinvesteringane påverka av tilskotsmidlar til landbruket.


Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkelbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

I 2013 var investeringsnivået både på Jæren og for Andre bygder høgast for 10-års perioden (figur 3.10). Både på Jæren og i Andre bygder investerte bønder i 2013 mest i driftsbygningar. Det vart også investert i maskiner og reiskap, dessutan i jord, vegar og grøfter.




Figur 3.10 Nettoinvesteringar per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet. 2004–2013

Gjeld er her all gjeld til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. Gjelda har vore aukande gjennom heile perioden, både for Jæren, Andre bygder og for landet, sjå figur 3.11. Dei to regionane i Agder og Rogaland ligg noko over landsgjennomsnittet, og i 2013 hadde bruken på Jæren i gjennomsnitt drygt 4,82 millionar kroner i gjeld, medan bruken i resten av Agder og Rogaland hadde 2,9 millionar kroner i gjennomsnittleg gjeld.



Figur 3.11 Gjeld i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet. 2004–2013

Gjeldsprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansiert med framandkapital⁴. Bruka på Jæren hadde ein gjeldsprosent på 58 prosent i 2013, medan gjennomsnittet for Andre bygder og landet var på høvesvis 50 og 48 prosent, sjå figur 3.12.



Figur 3.12 Gjeldsprosent per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet. 2004–2013

3.4 Inntektsverknad av jordbruksfrådraget

Jordbruksfrådraget er eit inntektpolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og har gradvis auka sidan då. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå 71 500 til 142 000 kroner og har lege på same nivå til og med 2011. I 2012 auka frådraget til 166 400 kroner.⁵ Beløpet var uendra frå 2012 til 2013.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskningane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektpolitikken i jordbruket, og i alminneleg inntekt vert jordbruksfrådraget gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemد eller driv med honning- og /eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2013 gjaldt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 63 500 var jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 63 500 og opp til kr 334 290 vart frådraget kr 63 500 pluss 38 prosent av all inntekt over kr 63 500. For å få maksimalt frådrag på kr 166 400, må næringsinntekta være lik eller høgare enn kr 334 300. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuelt ektefelle. Skattelette vert 28 prosent av jordbruksfrådraget.

Marginal skattekonsent for 2013 vart endra frå 33 prosent til 39 prosent. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, når ein reknar 39 prosent marginalsatt,

⁴ Framandkapital inkluderer kortsiktig og langsiktig gjeld.

⁵ Sjå LOV-1999-03-26-14. Lov om skatt av formue og inntekt (skatteloven), § 8-1.

varierer fra bruk til bruk og fra produksjon til produksjon. Vi kjem fram til inntektsverknad per bruk ved å trekke ut 28 prosent av jordbruksfrådraget og dividere dette på 0,61. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle brukna i driftsgranskningane i 2013 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 129 500. Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta då nokre bønder vel lågare avskrivingar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Dette gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 63 500 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 334 300.

Tabell 3.1 Jordbruksfrådrag gruppert etter region, i 2013

Regioner	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skattekreditering	Inntektsverknad per årsverk
Austlandet, flatbygder	194	81	24	111 800	31 300	41 700
Austlandet, andre bygder	137	56	12	117 300	32 900	36 900
Jæren	58	40	4	144 600	40 500	33 000
Agder/Rogaland, andre bygder	83	40	2	136 900	38 300	35 500
Vestlandet	171	92	8	134 500	37 700	34 700
Trøndelag flatbygder	65	37	4	132 700	37 200	40 100
Trøndelag, andre bygder	71	44	1	146 100	40 900	38 000
Nord-Noreg	109	71	5	141 900	39 700	37 400
Alle	888	461	60	129 500	36 300	37 200

Tabell 3.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Jæren, i 2013


Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag	Skattekreditering	Inntektsverknad per årsverk
100–200 daa	7	5	1	133 700	37 400	48 400
200–300 daa	18	10	1	140 400	39 300	32 700
300–500 daa	22	16	1	148 800	41 700	34 300
over 500 daa	7	6	1	142 600	39 900	30 800
Alle	58	40	4	144 600	40 500	33 100

Tabell 3.3 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Andre bygder Agder og Rogaland, i 2013

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag	Skattekredusjon	Inntektsverknad per årsverk
100–200 daa	18	3	1	106 800	29 900	36 800
200–300 daa	13	5	0	138 000	38 600	43 400
300–500 daa	30	15	1	139 500	39 100	39 400
over 500 daa	15	13	0	162 700	45 500	28 900
Alle	82	40	2	137 000	38 300	35 500

Tabell 3.4 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, i 2013

Driftsform	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag	Skattekredusjon	Inntektsverknad per årsverk
Jæren						
Mjølk	23	16	1	149 600	41 900	37 800
Mjølk-svin	10	9	0	157 800	44 200	35 200
Mjølk-sau	6	3	1	136 000	38 080	32 300
Andre bygder						
Mjølk	28	16	0	149 000	41 700	37 500
Mjølk-sau	11	6	0	150 000	42 000	32 100
Sau	13	4	0	125 100	35 030	43 800




Figur 3.13 Skattejustert jordbruksinntekt målt som skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering. 2004–2013

4 Investeringar i jordbruks

Ein viktig indikator på om ein har tru på næringa i framtida, er om ein investerer i nye driftsmiddel. Jordbruks er ei langsigkt næring, og avgjerder om større investeringar til dømes i ny driftsbygning, vil påverke produksjon og økonomi i fleire tiår framover.

Investeringslysten i jordbruks har variert mykje over tid. I starten av 1990-talet var det låg investeringslyst, og fram til om lag 2004 låg investeringane i jordbruks på eit lågt nivå. Dei siste 10 åra har det vore aukande investering i næringa, og 2013 låg ein på eit rekordhøgt investeringsnivå blant deltakarane i driftsgranskingsane. I undersøkinga presenterer vi nettoinvestering per bruk i middel for grupper. Nettoinvestering er bruttoinvestering minus avskrivningar, fråsal og investeringstilskot.




Figur 4.1 Nettoinvestering i jordbruks, landet 1995–2013 i faste kroner

Figur 4.1 viser gjennomsnittleg nettoinvestering per bruk for alle deltakarane i landet i perioden 1995 til 2013. Vi ser at gjennomsnittleg nettoinvestering var låg i perioden 1995–2004. Etterpå har det vore ein gradvis auke fram til finanskrisa. Likevel var nivået høgt i historisk samanheng fram til nytt toppnivå i 2013.

4.1 Utvikling i ulike landsdelar

Investeringsnivå målt som nettoinvestering per bruk har variert mykje mellom ulike regionar. Det har også variert mykje i kva det har vore investert i. Av regionar er det Jæren som merker seg ut.




Figur 4.2 Akkumulert nettoinvestering 2002–2013 ulike regionar i 2013-kr

Figur 4.2 viser at nettoinvesteringa har vore klart høgare på Jæren enn i dei andre regionane. I 2013 var gjennomsnittleg nettoinvestering på Jæren kr 464 000 per bruk medan gjennomsnittet for landet låg på kr 192 700 per bruk som også var rekordhøgt. Andre bygder i Rogaland og Agder låg også over landsmiddelet med kr 253 400 i nettoinvestering per bruk. Akkumulert for dei tolv åra er det flatbygdene i Trøndelag som har hatt lågast nettoinvestering, medan dei tunge husdyrområda i Trøndelag andre bygder er regionen som kjem nærmast Jæren.

4.2 Kva har det vore investert i?


I driftsgranskningane er anleggsmidlane delte inn i ulike grupper. Det er bygningar som også inkluderer fast teknisk utstyr i bygning, traktorar og maskiner, jord, vegar og grøfter og mjølkekvote. Kva det har vore investert i, varierer over tid og etter kva produksjon som dominerer i ulike regionar.

For dei fleste område er det driftsbygningane som dominerer, og er ofte det mest kostbare objektet ein investerer i på eit gardsbruk. Driftsbygningane omfattar også teknisk utstyr i bygning, til dømes mjølkerobot. På Jæren var det i perioden 1996 til 2002 svært låg nettoinvestering i driftsbygningane. Frå 2003 til og med 2009 var nivået mykje høgare for så å gå ned att i 2011. Siste året var det rekordhøg nettoinvestering i bygning med eit middel på kr 315 000 per bruk. For andre bygder i Rogaland og Agder er trenden om lag den same, men nivået er noko lågare. Det er særleg driftsbygningane i mjølkeproduksjonen som har utgjort tyngda av investeringane dei siste åra.



Figur 4.3 Nettoinvestering i driftsbygning på Jæren og Andre bygder i Rogaland og Agder i perioden 1996 til 2013, faste 2013-kroner

I tillegg til bygninger har vi sett på nettoinvestering i maskiner og reiskap, jord, vegar, grøfter og vassanlegg samt mjølkekvote. Når det gjeld maskiner og reiskap inkludert traktor og yrkesbil, ser vi ei litt anna utvikling i begge områda i Rogaland og Agder.



Figur 4.4 Nettoinvestering per bruk på Jæren og andre bygder i Rogaland og Agder i maskiner for perioden 1996 til 2013, faste 2013-kroner

For Jæren var det med få unnatak negativ nettoinvestering i maskiner og reiskap i perioden fra 1996 til 2007. Det vil seie at kapitalslitet var større enn nyinnkjøp, og at

verdien av produksjonsapparatet var fallande. Det var ein markant auke i nettoinvestering i perioden 2007 til 2009 for så falle noko etter finanskrisa. I 2013 var det eit rekordhøgt investeringsnivå på Jæren med omsyn til maskiner og reiskap. Middel per bruk var kr 66 000. Resten av Rogaland og Agder hadde fallande nettoinvestering frå 1996 fram til 2003. Frå 2005 til 2012 låg nivået på om lag kr 30 000 i middel per bruk. Året 2013 var rekordhøgt også for denne regionen med omsyn til maskininvestering. Middel per bruk var kr 52 000.

Nettoinvestering i jord, vegar, grøfter og vassanlegg har vore lågt stort sett heile perioden for både Jæren og Agder og Rogaland andre bygder. Unnataket finn vi på Jæren i nokre enkeltår etter 2005. Det har vore investert lite grøfting heile perioden. Noko nydyrkning og ein del tilkjøp av jord har det vore dei siste åra, særleg gjeld dette for Jæren.

I 1997 fekk mjølkeprodusentane høve til å investere i mjølkekvote. Interessa for å kjøpe kvote har i periodar vore stor. Etter at det vart høve til å kjøpe kvotar privat i 2004, auka snittprisane mykje på mjølkekvote. I enkelte område var prisen per liter oppe i over kr 10. I 2005 var nettoinvestering i kvote per bruk på Jæren oppe i kr 64 000 i middel per bruk. Dei siste åra har det vore fallande interesse for kvote, og prisane har falle. For året 2013 var middelpriis for omsett privat kvote kr 4,66 per liter, og for statleg kvote kr 2,50 per liter. Nettoinvestering i middel per bruk var kr 9 000 for Jæren og kr 8 000 for andre bygder i Rogaland og Agder i 2013.

Interessa for å investere kan tolkast som tru på framtida. Ser vi på investeringsnivået i jordbruksproduksjonen på Jæren og Andre bygder i Rogaland og Agder i eit slikt perspektiv, kan den store interessa for å investere dei siste åra tyde på god framtidstryggleik på jordbruksproduksjonen i dei to regionane. I tillegg har endringar i rammevilkår opp gjennom perioden vore med på avgjere investeringstidspunkt. Nye krav til dyrevelferd, auka konsesjonsgrenser og tilgang på ny teknologi har vore med på å framstilla investeringar gjennom dei siste 10 åra. Store investeringar vil også svekke lønsemenda i drifta på kort sikt, og kan vere med på å forklare litt av nedgangen i lønsemenda på Jæren og resten av Rogaland og Agder siste året.

5 Tabellsamling 2009–2013

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal fra driftsgranskningane for åra 2009–2013. Det er presentert tabellar for kvart fylke og for dei to områda Jæren og Agder og Rogaland andre bygder. For områda er det presentert tal for heile området, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpende, og kvar tabell er delt inn i seks delar, a, b, c, d, og e. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde priser, inneholder opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde priser. I del b er nettoinvesteringane vist. I del c, produksjonsinntekter og i del d, kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstilskot og variable og faste kostnader. Del e, resultat, viser ulike resultatmål og i den siste delen, del f, balanse, viser ein oversikt over egedelar per 31.12.

Samlinga inneheld følgjande hovudtabellar:

1. Fylkestal, Rogaland
2. Fylkestal, Vest-Agder
3. Fylkestal, Aust-Agder
4. Områdetal, Jæren, alle bruk
5. Områdetal, Jæren storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
6. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
7. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
8. Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekkjøtproduksjon
9. Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
10. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
11. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
12. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
13. Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekkjøtproduksjon
14. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
15. Fylkestal, Aust-Agder, potet og grønsakproduksjon
16. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr
17. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr
18. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 20 årskyr

Tabell 1a Fylkestal, Rogaland
Produksjonstekniske data og oppnådde priser

År	2009	2010	2011	2012	2013
Tal bruk	76	78	83	91	91
Alder på brukar	46	47	46	47	47
Arealfordeling og avling					
Korn, daa	7,8	12,2	6,5	7,5	5,7
Grovfôr, daa	282,1	278,8	317,4	324,5	334,2
Anna areal, daa	1,9	1,5	1,7	5,3	4,5
Jordbruksareal, daa	291,8	292,4	325,6	337,3	344,4
- herav leigd areal, daa	98,8	97,0	106,0	114,4	116,9
Korn, FEm pr daa ¹⁾	532	509	364	502	409
Grovfôr, FEm pr daa	422	390	381	371	343
Jordbruksareal, FEm pr daa	425	395	382	370	341
Husdyrproduksjon					
Tal årskyr	18,9	17,5	17,7	18,0	18,5
Kumjølk, liter omsett	124 721	112 759	114 941	119 440	126 068
Mjølkekvote	128 187	119 730	121 556	128 475	134 944
Produsert mjølk pr årsku, kg	7 364	7 136	7 230	7 333	7 515
Storfekjøt, kg omsett	4 985	4 752	5 081	4 501	5 231
Tal avlsgriser	11,1	11,8	10,0	8,8	10,1
Salbare smågriser	259	239	225	209	192
Svinekjøt slaktegris, kg omsett	9 593	11 168	11 832	13 218	13 822
Tal vinterfôra sauher (vfs)	57	57	71	68	67
Kg kjøt pr vfs	29	26	27	26	27
Ull, kg omsett pr vfs	4,6	4,3	4,3	4,1	4,6
Arbeidsforbruk, timer					
Brukar	2 108	2 079	2 202	2 153	2 067
Ektefelle	280	291	271	294	282
Barn under 17 år	29	30	34	28	26
Sum familie	2 417	2 400	2 508	2 475	2 375
Leigd arbeid	1 020	948	934	1 047	1 067
Sum timer i jordbruket	3 436	3 348	3 442	3 522	3 442
Sum timer i skogbruket	20	17	19	15	14
Sum timer tilleggsnæringer	166	167	153	160	160
Familiens arbeid på nyanlegg	61	44	55	32	64
Familiens arbeid i anna verksemder i alt	1 316	1 455	1 388	1 325	1 274
Oppnådde priser					
Bygg, kr pr kg	2,15	1,89	1,74	1,90	2,21
Havre, kr pr kg					
Kumjølk, kr pr l	4,18	4,53	4,55	4,89	4,84
Kukkjøt, kr pr kg	36,34	35,67	37,45	40,49	42,92
Anna storfekjøt, kr pr kg	42,86	42,96	45,42	47,01	49,91
Smågris for sal, kr pr stk.	888	936	996,00	956,02	866,11
Svinekjøt slaktegris, kr pr kg	25,26	23,59	24,33	23,98	25,02
Sau- og lammekjøt, kr pr kg	38,74	40,71	41,95	44,42	49,09
Ull, kr pr kg	29,56	29,02	28,97	31,97	33,24

1) inkl. nyttårsdeltakning

Tabell 1b Nettoinvesteringar

År	2009	2010	2011	2012	2013
Jord, grøfter og vassanlegg	31 559	36 686	23 484	27 635	50 515
Driftsbygningar	144 379	21 786	79 358	83 827	301 620
Maskinar og reiskap	15 201	6 356	25 492	20 071	58 303
Mjølkekvote (ku og geit)	25 397	13 403	5 503	15 990	10 514
Sum nettoinvesteringar	216 536	78 230	133 836	147 522	420 952

Tabell 1c Fylkestal, Rogaland
Produksjonsinntekter per bruk

År	2009	2010	2011	2012	2013
Korn	7 441	11 405	3 521	6 674	4 511
Andre planteprodukt	127 360	127 878	124 470	176 855	186 146
Planteprodukt i alt	134 801	139 283	127 991	183 529	190 658
Storfø, mjølk	521 755	510 355	523 487	584 292	609 949
Storfø, livdyr	26 926	35 522	31 486	36 373	40 717
Kuslakt	91 348	75 486	89 953	91 877	109 448
Anna storfeslakt	132 673	121 343	139 588	130 378	154 662
Smågris	158 234	154 717	161 737	125 253	83 018
Slaktegris	241 204	266 638	284 449	322 610	343 632
Avlsgris	35 715	19 155	20 529	34 831	16 689
Sauer, livdyr og slakt	67 498	63 456	88 709	85 410	96 419
Ull	7 759	7 044	8 891	9 040	10 048
Andre inntekter, husdyrhald	26 820	83 179	102 805	218 269	257 925
Husdyrprodukt i alt	1 309 932	1 336 893	1 451 634	1 638 333	1 722 570
Kulturlandskapstilskot	46 473	45 692	50 236	50 134	51 703
Arealtilskot, grovfør	16 274	14 495	19 536	22 030	20 754
Arealtilskot, korn	1 245	1 674	1 833	1 518	1 410
Produksjonstillegg, husdyr	128 138	124 966	135 953	143 027	147 952
Botnfådrag	-3 302	-3 300	-3 458	-3 229	-3 165
Drifts-, grunn og dist.tilskot	72 981	77 333	86 911	98 969	98 759
Beitetilskot	21 775	27 966	37 053	37 444	38 701
Regionale miljøtilskot	6 803	6 024	9 779	9 327	10 836
Refunderte avløysarutgifter	59 334	56 904	65 368	62 086	67 414
Andre tilskot	15 693	14 609	11 376	13 041	21 432
Tilskot i alt	365 414	366 364	414 587	434 348	455 816
Leigeinntekt, traktor og reiskap	8 110	11 179	10 638	14 726	13 956
Andre inntekter	4 766	8 042	15 780	12 095	20 023
Produksjonsinntekter i alt	1 823 023	1 861 761	2 020 631	2 283 031	2 403 023

Tabell 1d Kostnader per bruk

År	2009	2010	2011	2012	2013
Kraftfør	428 861	450 635	483 337	568 774	624 912
Anna forkostnader inkl. beiteleige	22 042	38 559	41 550	41 242	64 258
Såvarer	11 361	11 036	9 161	13 943	17 999
Handelsgjødsel og kalk	49 396	46 383	50 303	62 466	63 833
Plantevernmiddele	4 118	4 560	2 977	4 968	5 327
Konserveringsmiddel	9 600	8 981	8 690	9 090	7 504
Andre forbruksartiklar m.v.	121 101	135 628	134 794	129 325	147 279
Kjøp av dyr	106 455	117 644	135 683	177 622	180 750
Sum variable kostnader	752 933	813 425	866 495	1 007 430	1 111 861
Leidt arbeid	121 453	118 792	123 592	149 825	168 695
Drivstoff	20 052	20 607	22 906	24 510	30 912
Vedl.h. jord, vegar, grøfter og vassanl.	12 138	10 577	9 345	13 588	10 679
Vedl.h. driftsbygninger	52 936	53 641	55 624	57 098	63 163
Vedl.h. traktor og maskinar	46 114	43 814	50 712	52 934	56 258
Avskr. jord, vegar, grøfter og vassanl.	4 132	3 916	4 016	3 549	3 633
Avskr. driftsbygninger	89 957	91 006	107 629	114 479	136 943
Avskr. traktor og maskinar	42 631	41 837	44 356	54 205	57 927
Maskinleige	72 469	69 760	77 888	84 148	97 998
Leige av dyr	11 464	12 182	17 440	13 741	132
Leige av bygninger	2 554	3 063	1 183	1 280	2 999
Leige av kvote	5 389	3 448	6 677	9 604	12 693
Andre faste kostnader	141 984	158 418	163 230	160 850	179 678
Sum faste kostnader	623 273	631 061	684 598	739 812	821 710
Kostnader i alt	1 376 207	1 444 486	1 551 093	1 747 242	1 933 571
Netto mek.kostnader pr FEm totalavl.	1,48	1,52	1,58	1,71	2,08
Netto mekaniseringskostnader pr daa	628	600	602	635	709

Tabell 1e **Fylkestal, Rogaland**
Resultatrekning

År	2009	2010	2011	2012	2013
Resultatrekning i jordbruket					
Driftoverskot	446 816	417 274	469 538	535 789	469 451
- Renter av jordbruksaktiva	97 718	100 775	108 189	115 080	130 378
Familiens arbeidsforteneste	349 098	316 499	361 350	420 709	339 074
Familiens arbeidsforteneste pr årsverk	242 845	226 092	247 539	294 955	246 187
Lønsevne	470 551	435 291	484 941	570 535	507 769
Lønsevne pr. time	136,95	130,03	140,89	161,98	147,53
Vederl. til arb. og eigenkap. pr årsverk	264 581	252 926	270 371	313 467	289 847
Vederl. til fam. arb. og eigenkap. pr årsverk	258 280	242 959	260 859	314 509	270 086
Rekneskapssamandrag					
Driftoverskot, jordbruk	446 816	417 274	469 538	535 789	469 451
Driftoverskot, skogbruk	2 036	4 291	- 199	5 363	7 668
Driftoverskot, tilleggsnæringer	43 027	85 381	68 199	78 979	114 109
Driftoverskot, andre næringer	57 875	56 044	50 543	42 578	41 427
Lønsinntekt	253 843	297 496	304 420	321 615	321 278
Pensjonar og sjukepengar	14 161	15 812	22 292	19 920	33 958
Gevinst/utbyte verdipapir	2 821	7 909	11 107	871	11 690
Familiens arbeid på nyanlegg	10 026	7 378	9 440	6 038	11 812
Renteinntekter	6 138	6 752	8 365	9 820	12 000
- Renteutgifter	109 766	116 424	136 358	132 618	152 027
- Kårutgifter	8 330	7 697	7 657	7 988	7 871
Nettoinntekt	718 648	774 215	799 691	880 365	863 496
Privatforbruk ekskl. skatt	514 328	512 315	506 251	559 483	598 006
Betalte skattar	194 666	196 939	199 659	217 092	214 735

Tabell 1f **Balanse og arbeidskapital pr. 31.12.**

År	2009	2010	2011	2012	2013
Kontantar og bankinnskot	340 009	365 155	429 072	451 437	486 813
Andre krav	249 815	371 457	271 537	268 650	394 829
Omløpsmidlar, jordbruk	251 860	245 800	265 493	278 955	274 715
Omløpsmidlar, skogbruk	12	13	52	47	44
Omløpsmidlar, tilleggsnæringer	14 208	16 439	34 768	30 974	45 822
Omløpsmidlar, andre næringer	128 121	108 738	134 940	131 066	250 306
Omløpsmidlar i alt	984 025	1 107 602	1 135 863	1 161 129	1 452 530
Anleggsmidlar, jordbruk	3 135 430	3 157 772	3 418 585	3 645 263	4 287 754
Anleggsmidlar, skogbruk	15 137	15 075	20 986	22 812	22 220
Anleggsmidlar, tilleggsnæringer	200 916	201 795	256 071	268 217	266 212
Anleggsmidlar, andre næringer	58 228	66 325	63 867	60 881	69 673
Privat, hovedbygninger	698 670	793 097	796 167	904 648	1 050 506
Privat, anna	208 738	231 969	263 840	281 757	367 131
Anleggsmidlar i alt	4 317 119	4 466 035	4 819 516	5 183 578	6 063 495
Eigedeler i alt	5 301 144	5 573 637	5 955 379	6 344 707	7 516 025
Eigedeler i jordbruket	3 387 289	3 403 572	3 684 078	3 924 217	4 562 469
Kortsiktig gjeld	595 067	603 576	552 667	589 347	794 961
Langsiktig gjeld	2 414 046	2 701 554	2 854 745	2 867 460	3 426 709
Gjeld i alt	3 009 113	3 305 130	3 407 412	3 456 807	4 221 670
Endring i året, kroner	351 031	272 012	35 808	132 787	537 569
Eigenkapital	2 292 031	2 268 507	2 547 967	2 887 900	3 294 355
Eigenkapitalprosent	43	41	43	46	44
Endring i året (sparing)	65 305	68 525	170 272	185 341	234 393
Arbeidskapital	388 958	504 026	583 195	571 782	657 569
Endring i året	-56 476	122 356	17 981	65 850	3 156
T) kalkulasjonsrente					
	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %

**Tabell 2a Fylkestal, Vest-Agder
Produksjonstekniske data og oppnådde priser**

År	2009	2010	2011	2012	2013
Tal bruk	27	27	26	27	26
Alder på brukar	50	51	51	50	49
Arealfordeling og avling					
Korn, daa	4,4	4,9	6,4	7,9	1,6
Grovfôr, daa	253,1	260,6	283,8	285,1	317,9
Anna areal, daa	7,2	6,3	4,7	4,5	4,2
Jordbruksareal, daa	264,7	271,8	294,9	297,5	323,7
- herav leigd areal, daa	130,2	136,5	165,7	172,1	191,3
Korn, FEm pr daa ¹⁾	360	272	278	280	474
Grovfôr, FEm pr daa	350	302	304	310	320
Jordbruksareal, FEm pr daa	346	301	303	308	319
Husdyrproduksjon					
Tal årskyr	14,6	12,7	12,4	13,1	12,7
Kumjølk, liter omsett	85 304	82 795	76 894	84 232	85 049
Mjølkekvote	95 092	89 839	82 661	94 774	98 946
Produsert mjølk pr årsku, kg	6 602	7 115	6 924	6 989	7 200
Storfekjøt, kg omsett	4 448	4 365	4 298	3 735	4 892
Tal avlsgriser	2,9	4,7	4,9	5,4	3,2
Salbare smågriser	127	134	118	147	76
Svinekjøt slaktegris, kg omsett	5 073	5 815	6 438	4 016	1 839
Tal vinterfôra sauер (vfs)	23	27	32	32	30
Kg kjøt pr vfs	27	29	27	30	28
Ull, kg omsett pr vfs	4,7	4,0	3,9	5,9	5,1
Arbeidsforbruk, timer					
Brukar	1 950	1 776	1 987	1 755	1 855
Ektefelle	361	409	442	419	434
Barn under 17 år	7		2		
Sum familie	2 319	2 185	2 429	2 176	2 289
Leigd arbeid	572	1 155	1 139	1 156	1 084
Sum timer i jordbruket	2 890	3 340	3 569	3 332	3 373
Sum timer i skogbruket	87	57	90	64	58
Sum timer tilleggsnæringer	151	184	241	190	195
Familiens arbeid på nyanlegg	120	10	8	10	57
Familiens arbeid i anna verksemid i alt	1 213	1 222	950	974	1 123
Oppnådde priser					
Bygg, kr pr kg	0,00	1,66	1,99	1,99	2,18
Havre, kr pr kg	1,79	1,71		1,79	
Kumjølk, kr pr l	4,12	4,38	4,44	4,77	4,64
Kukkjøt, kr pr kg	35,38	36,25	39,44	39,97	42,80
Anna storfekjøt, kr pr kg	40,41	41,82	43,65	46,76	50,06
Smågris for sal, kr pr stk.	593	816	902,00	871,20	875,52
Svinekjøt slaktegris, kr pr kg	23,40	23,48	24,70	26,17	25,26
Sau- og lammekjøt, kr pr kg	37,46	38,67	43,86	44,84	47,28
Ull, kr pr kg	29,63	33,42	34,90	33,59	37,23

Tabell 2b Nettoinvesteringar

År	2009	2010	2011	2012	2013
Jord, grøfter og vassanlegg	13 801	4 798	9 278	-1 527	43 984
Driftsbygningar	1 9165	-9 841	-52 108	-58 662	93 646
Maskinar og reiskap	37 952	65 484	29 136	9 186	76 670
Mjølkekvote (ku og geit)	8 961	3 944	-1 344	3 398	836
Sum nettoinvesteringar	239 879	64 378	-15 038	-47 605	215 136

**Tabell 2c Fylkestal, Vest-Agder
Produksjonsinntekter per bruk**

År	2009	2010	2011	2012	2013
Korn	3 445	2 297	3 178	4 365	1 344
Andre planteprodukt	66 062	276 563	281 287	283 708	341 066
Planteprodukt i alt	69 507	278 860	284 465	288 073	342 410
Storfø, mjølk	351 035	362 709	341 322	402 188	394 903
Storte, livdyr	19 925	19 855	20 659	36 612	31 367
Kuslakt	75 199	68 394	70 724	80 069	92 975
Anna storteslakt	118 039	112 357	125 794	116 488	145 527
Smågris	40 390	48 303	50 581	80 618	43 028
Slaktegris	119 110	141 906	151 740	108 688	47 503
Avlsgris	8 786	13 086	8 703	12 464	3 117
Sauer, livdyr og slakt	27 166	33 092	36 232	52 894	45 249
Ull	3 194	3 676	4 362	6 347	5 729
Andre inntekter, husdyrhald	663	195	368	341	-541
Husdyrprodukt i alt	763 507	803 573	810 487	896 708	808 856
Kulturlandskapstilskot	51 372	48 033	50 265	50 524	55 164
Arealtilskot, grovfør	39 309	37 349	41 922	47 384	52 470
Arealtilskot, korn	2 013	1 153	1 207	2 469	700
Produksjonstillegg, husdyr	86 091	88 124	100 886	110 507	115 975
Botnfrådrag	-3 444	-3 444	-3 462	-3 352	-3 346
Drifts-, grunn og dist.tilskot	104 132	104 083	107 106	135 658	148 286
Beite tilskot	16 007	21 530	31 436	34 966	38 749
Regionale miljøtilskot	6 865	8 332	7 706	8 587	8 323
Refunderte avløysarutgifter	53 788	66 609	72 566	61 907	60 757
Andre tilskot	17 287	26 048	36 156	29 263	29 572
Tilskot i alt	373 420	397 816	445 788	464 362	492 732
Leigeinntekt, traktor og reiskap	28 075	26 954	25 828	38 941	38 699
Andre inntekter	16 433	170	13 098	11 585	12 371
Produksjonsinntekter i alt	1 250 943	1 507 374	1 579 666	1 699 668	1 695 068

Tabell 2d Kostnader pr. bruk

År	2009	2010	2011	2012	2013
Kraftfør	251 408	274 259	286 587	289 334	253 207
Anna forkostnader inkl. beiteleige	37 882	41 127	56 022	68 891	58 136
Såvarer	10 162	18 400	16 551	18 799	18 992
Handelsgjødsel og kalk	47 325	42 459	47 115	61 987	53 013
Plantevernmiddele	4 415	6 233	9 095	5 587	8 484
Konserveringsmiddel	7 636	5 524	4 387	4 991	4 716
Andre forbruksartiklar m.v.	70 350	143 437	142 147	145 025	141 900
Kjøp av dyr	80 695	55 795	41 328	56 796	34 217
Sum variable kostnader	509 873	587 235	603 231	651 409	572 665
Leigd arbeid	82 266	171 925	176 976	184 442	169 760
Drivstoff	29 320	35 935	37 631	44 769	40 241
Vedl.h. jord, vegar, grøtter og vassanl.	3 900	4 403	3 073	7 499	7 492
Vedl.h. driftsbygninger	30 788	42 714	31 987	38 731	41 300
Vedl.h. traktor og maskinar	57 583	59 129	47 828	58 286	67 653
Avskr. jord, vegar, grøtter og vassanl.	3 236	2 124	1 473	1 527	1 562
Avskr. driftsbygninger	78 570	81 493	85 381	77 228	86 708
Avskr. traktor og maskinar	55 326	52 529	54 510	54 708	64 961
Maskinleige	47 980	44 787	63 791	72 126	82 984
Leige av dyr	17 421	17 409	12 651	14 613	11 598
Leige av bygninger	1 463	2 676	2 868	2 037	2 731
Leige av kvote	2 525	2 532	2 629	3 509	4 363
Andre faste kostnader	102 463	153 998	171 021	161 298	181 695
